

Fra: Hillevi Elizabeth Runshaug (Hillevi.Runshaug@hfk.no)

Sendt: 05.10.2017 09:39:53

Til: Øydis Rydland Ziem

Kopi:

Emne: VS: Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå Rubbestadnes vgs

Vedlegg: image001.png

Fra: Svein Leidulf Heggheim

Sendt: 3. oktober 2017 09:29

Til: Hillevi Elizabeth Runshaug <Hillevi.Runshaug@hfk.no>

Emne: VS: Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå Rubbestadnes vgs

Synest du også bør sjå denne.

Svein

Fra: Rune Gåsland

Sendt: 3. oktober 2017 09:10

Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak <Postmottak.Opplaering@hfk.no>

Kopi: Sissel Øverdal <Sissel.Overdal@hfk.no>; Svein Leidulf Heggheim <Svein.Leidulf.Heggheim@hfk.no>

Emne: Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå Rubbestadnes vgs

Hei.

Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå Rubbestadnes vgs

Viser til epost under og melder tilbake på vegne av Rubbestadnes vgs.

Bakgrunn

Rubbestadnes vgs er ein skule med «berre» yrkesfag, med stor andel av gitar. Ein stor del av lærarane og leiarane er ingeniørar som kjem frå næringslivet.

Elevinspektøren sin kompetanse

Elevinspektøren er ein viktig ressurs for leiargruppa.

Med bakgrunn i at elevinspektørane i lang tid har opparbeid seg brei kompetanse (erfaring + nettverk + mange kurs innan ulike tema) er det svært uheldig at denne vert teke bort om ikkje andre tilsette får grundig opplæring **før** det eventuelt skjer.

Viser og til dokumenta: *Retningslinjer for ressursteam* og *Elevinspektør – arbeidsoppgåver*. Dokumenta som her er vist til skildrar mange oppgåver som skal bli ivaretatt på ein god måte, - til det beste for elevane og samfunnet. Eg meiner ordninga med elevinspektør i stab er ei god ordning å fortsetje med, viktig med ein spesifikk stabsfunksjon som «vaktbikkje», ambassadør og sakshandsamar for å ivareta elevane sine rettar på ein god måte.

Eg ønskjer at elevinspektørordninga skal vidareførast. Kan kanskje på ein liten skule som oss reduserast til 40%.

Med venleg helsing Rune Gåsland

Fra: Svein Leidulf Heggheim

Sendt: 29. september 2017 14:44

Til: Rektorene i HFK

Kopi: Birthe Andersen Haugen; Hillevi Elizabeth Runshaug; Linda Farestveit; Nina Ludvigsen; Odd Bjarne Berdal; Sissel Øverdal; Svein Leidulf Heggheim; Torbjørn Mjelstad

Emne: Elevinspektør

Til rektor

Fylkesdirektør opplæring viser til informasjon på skulemiljøsamlinga 27.09.17 (sjå vedlegg) vedkomande utgreiing om elevinspektørordninga. Utgreiinga vert lagt fram som politisk sak til handsaming før jul.

Saka tek utgangspunkt i politisk vedtak (Fylkestinget 23.04.98) om oppretting av elevinspektørstillingar frå 01.08.98 og med øyremerka tildeling til kvar skule tilsvarande 50 % stilling. I 2012-13 vart ansvarsområda og oppgåvene for elevinspektørane oppdatert og definert.

Det er ei målsetting å leggje fram ei politisk sak for å vurdere føresetnader og rammer for å ivareta ansvarsområde og oppgåver i høve til å sikre trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

Vi ber om uttalar frå skulane, og det er ønskjeleg at ulike synspunkt kjem fram med utgangspunkt i følgjande spørsmål:

Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Uttalar sendast til postmottak.opplaering@hfk.no

Frist 15.10.17

Det er sjølvstøtt og ønskjeleg med andre merknader eller spørsmål til saka.

Venleg helsing

Svein Heggheim

Fylkesdirektør

Opplæringsavdelinga



Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf.: 55 23 92 21 | svein.leidulf.heggheim@hfk.no | www.hordaland.no